Stadig meir Festidalen-pynta bygd... 27.07.2017

Denne kjekkasen møtte oss på taket på busskuret ved skulen i dag.

I går skreiv vi om den fine pyntinga som vert gjort i samband med Festidalen. Det presenterer bygda på ein framifrå måte. I dag då eg køyrde gjennom sentrum, dukka det opp ein ny rocke-kjekkas på taket av busskuret ved skulen. Den gjer at alle som ventar på bussen, får artig selskap.

Til liks med dama med sykkelen som er plassert på taket på huset til informasjonstavla ved Gamleskulen, er denne figuren laga av Janne G. Hjønnevåg. Saman med bonden som har pynta opp til Festidalen i fleire år, utgjer desse ein flott trio så vi tar med bilete av alle tre.

Blir ikkje kjedeleg å venta på bussen med så artig selskap på taket!

Denne trivelege dama på taket av infotavla lyser opp.

Bonden har passa på Sandabakkane i fleire år.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland